

## Vedtekter for Akasia Valen barnehage

Vedtektene har som formål å gi informasjon og opplysningar som har særleg betydning for føresette sitt forhold til barnehagen. Vedtektene vert fastsett og kan endrast av styret i Akasia AS.

Gjeldande vedtekter er fastsett 25.10.2017.

Fastsette vedtekter er gjeldande frå 01.01.2018.

<b>1.</b>	<b>Eigarforhold</b>
	Akasia AS, org.nr. 912450716, er eigar av barnehagen.
<b>2.</b>	<b>Lov om barnehagar - formål</b>
	<p><b>Lov om barnehagar seier følgende:</b></p> <p><i>"Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barnas behov for omsorg og leik, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet, verdier som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettighetane."</i></p> <p><i>"Barna skal få utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og ferdigheter. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar."</i></p> <p><i>"Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremje demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering."</i></p> <p>Akasia Valen barnehage drives i samsvar med Lov om barnehagar, Rammeplan for barnehagens innhald og andre gjeldande lover, forskrifter og retningslinjer, i tillegg til barnehagens interne planar.</p> <p>Akasia Valen barnehage bygger på grunnleggande verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, skal vareta barndommens eigenverdi og legg grunnlag for livslang læring gjennom samspel og leik.</p> <p>I arbeidet med barna vektlegg me verdiane undring, tryggleik, likeverd og tilgjeving.</p>
<b>3.</b>	<b>Samarbeidsorgana</b>
	<p>For å sikre samarbeid med barna sin heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og et samarbeidsutval.</p> <p>Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette og skal fremje deira felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.</p>

	<p>Foreldrerådet skal:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>A. Velje representantar til samarbeidsutvalet.</li> <li>B. Få fremje saker som er viktig for foreldra/føresette sitt forhold til barnehagen</li> <li>C. Gi samtykke til ev. høgare foreldrebetaling enn vedtatt maks pris.</li> </ul> <p>Samarbeidsutvalet skal vere eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet er satt saman av eit likt tal representantar for foreldre/føresette og tilsette, slik at kvar gruppe er likt representert. Barnehagens eigar kan delta etter eige ønske, men ikkje med fleire representantar enn kvar av dei andre gruppene. Representantane blir valt for eit år om gangen.</p> <p>Barnehageeigar skal sørge for at saker av viktigheit vert lagt fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet.</p>
<b>4.</b>	<p><b>Opptaksordning</b></p> <p>Akasia Valen barnehage har samordna opptak med Kvinnherad Kommune. Søknad til barnehagen kan kun gå føre seg elektronisk via Kvinnherad kommune sine nettsider <a href="http://www.kvinnherad.kommune.no">www.kvinnherad.kommune.no</a> Styrar ved den enkelte barnehage skal foreta opptak.</p> <p>Søknadsfrist til hovudopptak er satt til 15. februar. Søknadar som vert registrert etter søknadsfristen, vert behandla ved suppleringsopptak.</p> <p>Klage på opptak skal rettast til Kvinnherad kommune. Kommunen innhentar opplysningar hos opptaksmyndigheit som er eiga v/styrar i barnehagen.</p>
<b>5.</b>	<p><b>Opptakskrets</b></p> <p>Akasia Valen barnehage har Kvinnherad og omliggjande kommunar som opptakskrets.</p>
<b>6.</b>	<p><b>Opptakskriterier</b></p> <p><b>Følgjande opptakskriterier gjeld:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>A. Barn med nedsett funksjonsevne, jfr. Lov om barnehagar §13</li> <li>B. Barn som vert omfatta av §§4-4 adre og fjerde ledd og 4-12 i Lov om barnevernstenesta.</li> <li>C. Barn av fast tilsette i Akasia og BKF.</li> <li>D. Søsken av aktive brukarar på opptakstidspunktet.</li> <li>E. Intern overflytting mellom Akasia sine barnehagar.</li> <li>F. Barn som er prioritert av Kvinnherad kommune. <ul style="list-style-type: none"> <li>o Barn med rett til barnehageplass, jf. barnehagelova § 12a. Barn som er busette i Kvinnherad kommune og som fyller eitt år innan utgangen av november, har rett til plass frå den månaden dei fyller år. Førsetnad er at der er søkt innan utlyst frist.</li> <li>o Barn eller familiar med sosiale, medisinske, kulturelle eller pedagogiske problem, der barnehage kan vera til hjelp for barnet.</li> </ul> </li> </ul> <p>Ved tildeling av barnehageplass har eigar v/ styrer, anledning til å ta omsyn til hensiktsmessig alderssamansetning av barnegruppene.</p> <p>Opptakskriteriene A, B og F gjeld under føresetnad av at tilfredsstillande dokumentasjon vert lagt fram. Behandling av søknad om å komme i prioritert gruppe vert føretatt sentralt i Kvinnherad kommune.</p> <p>Opptakskriteriene C, D og E gjeld under føresetnad av at tilfredsstillande dokumentasjon vert lagt fram i den enkelte barnehage.</p>

	<p>Ved endring av opptakskriterier i Kvinnherad kommune kan administrasjonen i Akasia Barnehage foreta ein justering av pkt. F.</p>
<b>7.</b>	<p><b>Arealutnytting</b></p> <p>Akasia Valen barnehage si arealutnytting er fastsett til minimum 5,3m<sup>2</sup> leike- og opphaldsareal pr. barn under 3 år og 4m<sup>2</sup> pr. barn over 3 år.</p>
<b>8.</b>	<p><b>Opningstider</b></p> <p>Akasia Valen barnehage si daglege opningstid er frå kl. 06.30 – 16.30.</p> <p>Barnehagen er open 5 dagar i veka. Me held stengt helge- og høgtidsdagar samt julaftan og nyttårsaftan. Onsdag før Skjærtorsdag er barnehagen open fram til kl. 12.00.</p> <p>Barnehagane har 5 planleggingsdagar i løpet av året. Desse følg hovudsakleg skuleruta for Kvinnherad kommune. Endring av planleggingsdagar blir vedtatt i Samarbeidsutvalet.</p> <p>I forbindelse med romjul, påske og juli månad, vert opningstida redusert og barnehagen er open frå 07.00 – 16.00.</p>
<b>9.</b>	<p><b>Ferieordning</b></p> <p>Akasia Valen barnehage held som hovudregel open heile sommaren, men kan halde stengt inntil tre veker i løpet av juli månad. Ei eventuell stenging skal drøftast med barnehagens samarbeidsutval og avgjerast innan 01. oktober for påfølgande sommar.</p> <p>Barna skal som hovudregel ha minimum 3 vekers samanhengande sommarferie innanfor skulen sine ferieveker (mellom 15.06 og 15.08) – slik dei er fastsett i gjeldande skulerute. Barn som skal begynne på skulen må ha avvikla ferie innan 31. juli. Barna sine 3 sommarferieveker er betalingsfrie.</p> <p>Foreldre vil bli bedne om å melde inn sommarferie i god tid før uttak.</p>
<b>10.</b>	<p><b>Permisjon</b></p> <p>Foreldre/føresette kan søke permisjon frå tildelt barnehageplass for inntil eit år. Styrar er saksbehandlar for søknaden, og kan innvilge betalingsfri permisjon dersom det ikkje medføre kostnader for barnehagen.</p> <p>Reglar for oppseiing gjelder også under permisjon.</p>
<b>11.</b>	<p><b>Foreldrebetaling</b></p> <p>Akasia Barnehage følgjer til ei kvar tid nasjonale satsar for foreldrebetaling.</p> <p>Det vert betalt for 30 dagar pr. månad på forskot uavhengig av bevegelege heilagdagar. Dersom barnet sluttar ein fredag, vert det berekna betaling til og med søndag.</p> <p>Betaling for kost kjem i tillegg.</p> <p>Barna sine 3 ferieveker og 5 planleggingsdagar utgjer ein betalingsfri månad pr. år. Det vert dermed kravd betaling for 11 månadar.</p> <p>Betaling skjer ved forfall den 1. kvar månad, og gjelder for heile månader sjølv om plassen ikkje vert nytta fullt ut.</p>

	<p>Akasia Barnehage har søskenmoderasjon. Me føl satsar fastsett av Kvinnherad kommune.</p> <p>Moderasjonsordningar: Akasia Barnehage føl Kvinnherad kommunes ordningar med moderasjon i foreldrebetaling for barnehageplass:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Redusert betaling: Ingen hushald skal betale meir enn 6 % av skattepliktig inntekt for barnehageplass.</li> <li>• Søskenmoderasjon: 30 % moderasjon for 2. barn og 50 % moderasjon for 3. eller fleire barn.</li> <li>• Gratis kjernetid: For 3-, 4- og 5-åringer og barn med utsett skulestart. Gjeld hushald med inntektsgrense fastsett av regjeringa.</li> </ul> <p>Ved endring av moderasjonsordning i Kvinnherad kommune, vil administrasjonen i Akasia Barnehage foreta tilsvarende justering.</p> <p>Ved lovleg arbeidskamp vil det ikkje bli gitt erstatning utover refusjon av foreldrebetaling for den perioden som barnehageplassen ikkje kan nyttast.</p>
<b>12.</b>	<p><b>Helseerklæring</b></p> <p>Det skal leggjast fram erklæring om barnets helse før oppstart, jfr. Lov om barnehagar § 23.</p>
<b>13.</b>	<p><b>Ansvar</b></p> <p>Foreldre/føresette er sjølv ansvarleg for å ha med utstyr som barnet treng i barnehagen, eksempelvis bleier, medisinar, diettar mm.</p> <p>Barnehagane har som hovudregel ikkje erstatningsansvar for barna sine medbragte klede eller andre eigendelar som vert mista eller blir øydelagt i barnehagen.</p>
<b>14.</b>	<p><b>Oppseiing</b></p> <p>Tildelt barnehageplass vert behalde fram til skulestart, til plassen blir endra eller til plassen blir sagt opp. Reglane om oppseiing gjelder frå foreldre/føresette har tatt imot plassen. Barna sine foreldre/føresette kan sei opp plassen med 2 månaders varsel rekna frå den første i kvar månad. Oppseiinga skal vere skriftleg og leverast i den aktuelle barnehagen.</p> <p>Akasia kan som eigar sei opp avtaleforholdet med ein månads varsel ved vesentleg misleghald av betaling for barnehageplass og/eller kost, der vesentleg misleghald vert definert til tre månaders uteståande betaling.</p>
<b>15.</b>	<p><b>Internkontroll</b></p> <p>Systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid vert gjennomført i samsvar med Internkontrollforskrifta som gir bestemmelsar om oppfølging av krav fastsett i ei rekke lover.</p>